

Til Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet.

Vår dato 7. mai 2012

Høyringsvar til NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning

Ungdommens fylkesutval i Hordaland (heretter UFU Hordaland) ønskjer med dette å gi sitt høyringsvar til høyringa om NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning.

UFU Hordaland er det arbeidande organet til Ungdommens fylkesting (heretter UFT) i Hordaland. Organet består av til saman tolv ungdommar som arbeider for å få gjennomslag for dei politiske sakene som har blitt vedtatt på UFT. UFT er ein møtestad for ungdom i hele Hordaland fylkeskommune. UFT blir halde éin gong per år, med representantar frå ungdomsrådene i de ulike kommunane i Hordaland, samt representantar frå andre ungdomsorganisasjonar som er medlem av Hordaland Barne- og Ungdomsråd (HBUR). Her diskuterer ungdom frå heile fylket saker som vedgår dei, og vedtar politikk for korleis dei ønskjer at Hordaland skal utvikle seg i framtida.

UFU Hordaland består av seks styremedlemmer, og personlig varaer for alle styremedlemmene, samt en utvalssekretær som er tilsett av HBUR. Mandat og styre blir kvar år kvart år vedtatt UFT. I dette høyringsvaret ønskjer UFU i hovudsak å kommentere kapittel 5.2.2 – «Det regionale og nasjonale nivået»

UFU Hordaland er opptatt av at ungdom skal ha ein reell moglegheit til å utvikle seg som aktive medborgarar i demokratiet. UFU Hordaland ønskjer at det skal bli lagt til rette for fleire moglegheiter for barn og unge til å kunne påverke sin eigen kvardag. Ein av måtane dette kan bli gjort på, er ved hjelp av ungdomsrådskanalen. Ved å ta i bruk ungdom både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, bidrar prosjekter som ungdomsråd, Ungdommens fylkesting og Ungdommens storting til at ungdom i Noreg kan få ein direkte påverknadskraft på dei politiske prosessane som omhandlar ungdom.

UFU Hordaland er einige med utvalet i at ungdomsråd må formaliserast på lokalt plan for å sikre ein god og fungerande drift av ungdomsråda. UFU Hordaland stiller seg derimot svært kritiske til at utvalet konkluderer med at dei ikkje vil regulere verksemda i påverknadskanalar for ungdom på regionalt nivå. UFU Hordaland menier at det er heilt sjølvstøtt at slike kanalar skal finnes i alle fylker. Gjennom ungdomsråda kan ungdom få til mykje på det lokale plan, men mange av sakene som kommer opp i slike fora, er eigentleg fylkeskommunale eller nasjonale saker.

Regionale påverknadsarenaer for ungdom:

Erfaringar frå UFT viser at dei aller fleste som deltar på et slikt arrangement synes det er viktig og nyttig. Ein av de store fordelane med UFT og liknande organ er at dei er partipolitisk uavhengige. UFU Hordaland stiller seg derfor kritiske når utvalet konkluderer med at ungdomsparti og/eller andre ungdomsorganisasjonar kan fungere som ein erstatning til UFT. Ungdom er ofte engasjert i mykje som skjer i nærmiljø deira, og då kan terskelen for å delta i eit ungdomsråd vere lågare enn terskelen for å melde seg inn i ein anna ungdomsorganisasjon. I tillegg eksisterer det ikkje organisasjonar for absolutt alle enkeltsaker som ungdom kan være opptatte av, og UFU Hordaland meiner derfor at ordningar som ungdomsråd på lokalt plan, og regionale påverknadsarenaer for ungdom vil fungere som eit godt supplement til ungdomsparti og andre organisasjonar.

UFU Hordaland stiller seg også kritiske til at rapporten i liten grad drøfter den personlege utviklinga og dei erfaringane ein som engasjert ungdom tileignar seg. For mange er deltaking i eit ungdomsråd det første møtet med politikken, og dersom dette blir innført og formalisert både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, fører det til at mange vil få sjå demokratiopplæring i praksis.

UFU Hordaland vil altså innføre nasjonale retningslinjer som sikrar at alle medverknadsorgan for ungdom fungerer på ein god måte, for i dag er dette gjerne veldig varierende frå kommune til kommune og frå fylke til fylke. Det er viktig med visse retningslinjer, men samtidig ein må og opne for lokale tilpassingar der dette trengs. Ein bør sjølvsagt dra inn flest mulig ungdom i prosessen med utforminga av retningslinjene, ettersom det er ungdom som skal nytte seg av medverknadsorgana. Her vil det være naturleg å inkludere Nasjonalt ungdomspanel, det utøvande organet til Ungdommens storting.

Ungdommens fylkesting eller liknande organ vil også være ressurspersonar for politikarane når ein skal ta opp ungdomsrelaterte saker, og kan fungere som høringsinstans for slike saker. I tillegg er det ønska at dette organet er tett knytt opp mot fylkeskommunen, og har talerett og forslagsrett i saker som angår ungdom i ulike organ og utval hos fylkeskommunen.

I tillegg til dette kan UFU/UFT i fylka bidra til å knytte saman ungdomsråda på tvers av kommunegrensene. Ved å arrangere nettverksamlingar, som det har blitt gjort i Hordaland, kan ein bidra med opplæring og oppfølging av ungdomsråda. Dersom det ikkje finst eit regionalt medverknadsorgan for ungdom i fylket, kan ein spørje seg om kven som skal ta på seg denne oppgåva.

Ungdommens storting:

Utvalet går i mot forslaget om å opprette et påverknadsorgan for ungdom på nasjonalt nivå. UFU Hordaland er kritiske til dette, av dei same grunnane som er nemnd ovanfor. Det er av heilt avgjerande at ungdom har moglegheita til å uttale seg om den politikken som blir vedtatt nasjonalt. Eit Ungdommens storting vil også fungere som eit senter for erfaringsutveksling for engasjert ungdom i ulike fylker i Noreg. UFU Hordaland stiller seg einige med utvalet i at sporadiske nasjonale arrangement ofte blir ei symbolsk handling framfor noko anna, og nettopp derfor er det viktig at ein får innført et fungerande påverknadsorgan, slik at ein slepp symbolske arrangement som eigentleg ikkje har noko reell effekt. Arrangement i regi av ungdom sjølv er ofte bedre alternativ. Dette er eit sterkt ønske frå ungdommen sjølv. Dette kom både fram på Ungdommens nasjonalforsamling i 2010, på Ungdommens storting i 2012, og det er ikkje tvil om at dette er ønsket frå UFU si side.

UFU Hordaland meiner også at det bør finnast eit arbeidande organ som skal jobbe vidare med dei sakene som blir debattert og vedtatt av ungdom på Ungdommens storting.

Representasjon:

UFU Hordaland meiner at omgrepet «eliteungdom» som utvalet brukar er merkelig og misvisande. Utvalet argumenterer mot påverknadsorgan for ungdom på regionalt og nasjonalt nivå fordi det meiner berre dei mest ressurssterke ungdommane kjem til å delta her, og at man derfor i realiteten berre vil få representert en liten del av norsk ungdom. UFU Hordaland vil påpeke at det er slik eit indirekte demokrati fungerer. Ein vel sjølvsagt dei ein meiner er best eigna til å representere sine meiningar, og slik er det også i politikken på fylkesplan og på nasjonalt plan. Ressurssterk ungdom

har moglegheita til å representere andre menneske i samfunnet, på same måte som ein stortingspolitikar har moglegheita til det. UFU Hordaland ser dermed ikkje dette som eit gyldig argument mot å opprette og formalisere Ungdommens fylkesting og liknande organ i fylka i Noreg.

På vegne av Ungdommens fylkesutval i Hordaland

Maria Vatnøy
Leiar i Ungdommens fylkesutval i Hordaland